



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 11.05.2018
Vår ref.: 2017/2469
Arkivnr.: 433.0

Tønnes G. Kverneland
Kvednalsbakken 1
4355 KVERNALAND

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Delvis løyve til utsetting av utanlandske treslag til skogproduksjon på 27/3 og 24/48, Kverneland i Time kommune

Tønnes G. Kverneland har søkt om å plante japanlerk og sibirlerk på to felt på gnr/bnr 27/3 og 24/48 i Time kommune i Rogaland. Felta er høvesvis 10 og 6 dekar, der eitt er på nyleg avverka barskogfelt, og det andre er på areal registrert som innmarksbeite utan tre.

Me vurderer at utsetting av japanlerk på det omsøkte feltet på 27/3 ikkje vil føre til vesentleg risiko for uheldige følger for naturmangfaldet. Me gir derfor løyve som søkt om for dette feltet. Det er sett vilkår til løyvet.

For det omsøkte feltet med sibirlerk på 24/48 vurderer me at utsetting vil kunne føre til risiko for uheldige følgjer for naturmangfaldet. Søknaden vert derfor avslått for dette feltet.

Me viser til søknad, mottatt 22.02.2017, der de søker om å plante utanlandske treslag til skogproduksjon på gnr/bnr 27/3 og 24/48 i Time kommune. Søknaden mangla søkar sin underskrift, og dette blei sendt oss på nytt 23.06.2017. Søknaden hadde og uklare opplysningar i det vedlagte kartmaterialet, og dette blei avklart på telefon 06.04.2018.

Vi beklagar at det har tatt lang tid å behandle søknaden.

Heimel

Utsetjing av utanlandske treslag krev godkjenning frå Fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (25.05.2012 nr. 460, jf. naturmangfaldlova kap. IV.*

Søknaden

Det er søkt om å plante til to felt på til saman 16 daa. Felt 1 (10 daa) vil bestå av 1800 planter av japanlerk (*Larix kaempferi*), og Felt 2 (6 daa) vil bestå av 1000 planter med sibirlerk (*Larix sibirica*). Begge felta er på søkjar sin eigedom på Kverneland i Time kommune. Felt 1 er på gnr/bnr 27/3 og Felt 2 er på gnr/bnr 24/48. Det er om lag 1,6 km mellom felta.

Felt 2 er registrert som innmarksbeite (AR5). Det blir ikkje opplyst i søknaden om det er søkt kommunen om endring frå dyrka jord (innmarksbeite) til skogsmark på dette arealet.

Vurdering

Retningslinjer ved sakshandsaminga

Formålet med forskrifta er å hindre at planting av utanlandske treslag gir uheldige konsekvensar for naturmangfaldet, jf. § 1 i naturmangfaldlova. Det er sentralt å sikre at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir trua av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved vurdering av ein søknad om utsetting skal ein leggja vekt på eventuelle uheldige følgjer for naturmangfaldet, inkludert særleg uheldige følgjer for biologisk mangfald, jf. forskrifta § 7 første ledd. Det er ikkje heimel for å gi løyve dersom det er grunn til å tru at utsettinga kan føre til vesentlege uheldige verknader på det biologiske mangfaldet, enten på sjølve utplantingsområdet eller på området utanfor utplantingsområdet. Utanlandske treslag kan i utgangspunktet berre plantast ut dersom det er minimal risiko for at dei spreier seg, jf. Miljøverndepartementet sin rettleiar til forskrifta.

Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vidare vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. I tillegg har Fylkesmannen lagt vekt på andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14.

Kunnskapsgrunnlag

Det finnst god kunnskap om naturmangfaldet på Kvernaland og ein god del kunnskap om dei omsøkte treslaga. Naturtypekartlegging i Naturbase er av varierende alder, men nyaste registrerte naturtype i nærleiken av områda er frå 2016. I vår vurdering har me nytta opplysningar frå naturbasen, Temakart Rogaland, og Artskart frå Artsdatabanken. I tillegg har me vurdert annan vitenskapelig litteratur om treslaga. Fylkesmannen vurderer difor at det er tilstrekkeleg vitenskapelig og erfaringsbasert kunnskap i denne saka.

Japanlerk og sibirlerk er framande arter i Norge. I «Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012» vert desse artane kategorisert med låg økologisk risiko. Japanlerk har generasjonstid på om lag 30 år, medan sibirlerk kan produsera frø allereie etter 15 år. Begge artane mister bar om hausten, og let lys ned til bakken på vinteren, men det er eit betydeleg årleg strøfall. Korleis strøfall frå lerk påverkar vegetasjon i eit produksjonsbestand er ikkje godt dokumentert, men erfaring tilseier at ei tett krone om sumaren vil favorisere artar som tolererer skugge, og at dette vil kunne føre til endra artssamansetting på tidlegare opne areal.

Lerkeartane har lette frø, og det tydar på at desse artane kan spreie seg langt frå mortrea. I rapporten *Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold* (DN-utredning 8-2012) blir det estimert at japanlerk har lette frø som kan spreie seg opp til 5 km frå mortreet ved vindstyrke på 20 m/s. Sibirlerk er berekna til å kunne spreie seg meir enn 2,5 km ved same vindstyrke. Spreiingsrisikoen vil avhenge av kor eksponerte trea er i terrenget, og kva type areal frøa landar på. Begge desse lerkeartane vert sett på som lyskrevjande og spirar best i opent landskap. Sjølv om begge treslaga visar eigenskapar som pionertre etablerer dei seg også greitt saman med andre treslag. Det er kjent at lerkeartar kan etablere seg på myrreal (Ecofact rapport 607, observasjonar gjort av Fylkesmannen i Rogaland).

Då plantefelta gjerne står i minst 70 år så er det stor moglegheit for at frø vil kunne spreie seg til nærliggande natur. Naturmangfaldlova § 9 (føre var-prinsippet) må derfor leggast til grunn ved vurderinga av spreingsrisiko til verdifull natur i områda rundt plantefelta.

Utplantingsfelta

Felt 1

Dette plantefeltet har hatt ein generasjon med planteskog som nyleg er avverka. Det er ingen registreringar av norske ansvarsartar, trua artar eller naturtypar på sjølve området som skal plantast til. Det har heller ikkje kome fram opplysningar som kan tyda på at det på utsettingsområdet finst andre artar eller naturtypar som det er eit ansvar for å ta vare på, jf. forvaltningsmål i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Fylkesmannen ser derfor ikkje at utplanting av japanlerk vil kunne føra til tap av biologisk mangfald på sjølve utplantingsarealet.

Felt 2

Det andre feltet som er omsøkt er på open hei, registrert som innmarksbeite i kommunen sitt kartsystem (AR5). Det er ingen registreringar av norske ansvarsartar, trua artar eller naturtypar på området som skal plantast til. Det har heller ikkje kome fram opplysningar som kan tyda på at det på utsettingsområdet finst andre artar eller naturtypar som det er eit ansvar for å ta vare på, jf. forvaltningsmål i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Fylkesmannen vurderer at ei endring frå innmarksbeite til skog på dette arealet ikkje vil føre til vesentlege negative konsekvensar for naturmangfaldet på sjølve utplantingsområdet.

Naturverdiar i området rundt plantefelta

Felt 1

Av verdifulle naturtypar er det i dette området registrert ein naturbeitemark med myrareal som ligg i 400 m avstand og ei kystmyr med 600 m avstand, som begge er registrert med status sårbar (VU) og med verdikategori B (viktig). Kystmyra er i attgroing med bjørk i tidleg suksesjonsfase, medan naturbeitemarka er open og meir utsett for spreining frå feltet. Beiteskog og annan etablert skog vil i mindre grad bli påverka av lerk da det er lite kjent om arten etablerer seg i skog anna enn ved tidlege suksesjonsfasar då den kan endra treslagsmansetting.

Innanfor ein 2 km radius frå feltet finnast det registrert 6 kystmyrlokaltetar med høg verdsetting (4 stykkar med A-verdi (svært viktig) og 2 stykkar med B-verdi). Innanfor dette området er det registrert fleire raudlista førekomstar. I all hovudsak er dette fugl, m.a. åkerrikse (kritisk trua, CR), myrhauk og vipe (begge sterkt trua, EN), i tillegg til fleire artar med status nær trua (NT). Det er registrert fleire raudlista planter som myggblom, huldrestorr, broddtjernaks, vestlandsvikke, og ask. I tillegg kjem registreringar av den norske ansvarsarten geitsvingel.

Felt 2

Av verdifulle naturtypar er det i dette området registrert 2 kystmyrar av verdi A innan 350 og 600 meter frå feltet. Desse er begge av fattig vegetasjonsutforming, men har stor verdi da kystmyr er ein sårbar naturtype (VU). Vidare er det 4 kystmyrar og ein intakt låglandsmyr registrert innanfor 1250 m, samt ein naturbeitemark om lag 800 meter ifrå feltet, alle desse naturtypane har verdi viktig (B).

Som for Felt 1 er det innanfor 2 km fleire raudlisteregistreringar av sterkt trua (EN), sårbare (VU) og nær trua (NT) artar, i all hovudsak fuglar. I tillegg kjem registreringar av den norske ansvarsarten geitsvingel.

Samla belastning på området rundt

Felt 1

Japanlerk er vurdert av Artsdatabanken som låg økologisk risiko. Rundt Felt 1 er det ein stor del jordbruksareal i aktiv drift, der risikoen for etablering av spreidde frø vil vere låg. Vi vurderer at naturbeitemarka i nærleiken (400 m avstand) vil kunne vere utsett for etablering av frø som har spreia seg frå Felt 1, men at det ikkje er sannsynleg at dette vil skje i stort omfang. Kystmyra (600 m avstand) er i ein fase av attgroing, og her er det mindre sannsynleg at frø frå vil kunne etablere seg sjølv om området i dag er i tidleg suksesjon. Samla vurderer Fylkesmannen påverknadane til kringliggjande vegetasjon og økosystem som moderat.

Felt 2

Sibirlerk er vurdert av Artsdatabanken som låg økologisk risiko, men arten er antatt å kunne spreie seg meir enn 2,5 km ved 20 m/s. Dette er ikkje vesentleg dårlegare enn andre lerkeartar. Den omsøkte lokaliteten står særst utsett til med omsyn til vind, og med tid må me anta spreining av frø frå desse trea over betydelege avstandar. I nærleiken ligg fleire kystmyrar som er svært viktige (verdi A) og me ser det som sannsynleg at frø som er spreidd frå Felt 2 vil kunne etablere seg her. Ei slik etablering av lerk vil kunne påverke desse naturtypane og redusere naturverdien til desse på lang sikt.

Andre viktige samfunnsinteresser

Både japanlerk og sibirlerk kan gi tømmer av god kvalitet, og tømmerproduksjon på areala vil kunne auke både verdiskapinga og karbonbindinga. Lerkeartar gir vidare eit meir opent bestandsbilete enn produksjonsskog med gran. Dette vil vere positivt med omsyn til friluftsliv og landskapet rundt.

På Felt 1 gjeld plikta til å forynge med ny skog etter hogst, jf. Skogbrukslova. Det same gjeld ikkje for Felt 2, som er registrert som innmarksbeite. På dette arealet krevst godkjenning frå kommunen ved ein eventuell omdisponering frå dyrka jord til skogsmark.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer ut frå det som er av kunnskap om naturverdiar i nærliggande område at det er ein reell risiko for spreiding til fleire av dei nærliggande naturtypene. Sjølv om begge dei omsøkte treslaga er gitt låg risiko hos Artsdatabanken så vurderer me dei nærliggande naturtypene, og da i særleg grad kystmyrane, som sårbare.

Etter vår vurdering vil framtidig auka frøpress frå dei omsøkte skogbestanda føre til auka risiko for etablering i sårbare naturtypar av høg verdi. Dette gjeld spesielt for Felt 2, som ligg nær fleire verdifulle kystmyrar og der dei topografiske forholda med høg vindeksponering tilseier at spreidinga vil kunne vere betydeleg. For Felt 1 vurderer vi at risikoen for spreiding er mindre, og at eventuell spreiding herifrå ikkje vil skje over like store avstandar.

I vektinga mot andre samfunnsinteresser har Fylkesmannen kome fram til at utplanting av japanlerk på Felt 1 kan gi eit samfunnsmessig akseptabelt resultat. Under føresetnad av at framtidig spreiding av japanlerk rundt Felt 1 blir overvaka og handtert kan me ikkje sjå at den omsøkte plantinga vil vere til vesentleg skade for naturmangfaldet.

For Felt 2 vurderer vi at der er ein reell risiko for spreiding til fleire av dei nærliggande naturtypene. Eit vesentleg beitetrykk, som beskrive som tiltak i søknaden, vil nok redusera faren, men ein kan ikkje legge til grunn at dette beitetrykket vil vere stabilt over heile tregenerasjonen. Fleire av dei utsette naturtypene ligg og til dels på anna eigedom, og vil i praksis vere vanskelege å overvaka for eventuell spreiding. Ut frå ei samla vurdering har vi kome fram til at utplanting av sibirlerk på Felt 2 på lang sikt kan gi uheldige følger for naturmangfaldet i området, som vanskeleg kan kontrollerast gjennom vilkår. Med vekt på føre var-prinsippet i naturmangfaldlova gir vi avslag på søknaden om å sette ut sibirlerk på Felt 2.

Vedtak og vilkår

Fylkesmannen gir med dette løyve til å sette ut 1800 planter av japanlerk på eit 10 dekar stort areal på eigedom 27/3 i Time kommune, omtalt i dette brevet som Felt 1. Det er sett vilkår til løyvet (sjå under). Vilkåra til løyvet gjeld for Felt 1 og dette dokumentet må gjerast kjent og overførast samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

Vidare gir Fylkesmannen avslag til å sette ut sibirlerk på eit 6 dekar stort areal på eigedom 24/48 i Time kommune, omtalt i dette brevet som Felt 2.

Begge areala er merka av på vedlagte kart.

Vilkår:

- Spreiding av japanlerk utanfor det omsøkte feltet skal overvakast og fjernast.
- Trea skal hoggast seinast ved biologisk hogstmogen alder.
- Det skal ikkje settast att livslaupstre av utanlandske treslag ved hogst (jf. forskrifta).

Plantinga skal ikkje utførast før **tidlegast ei veke etter at klagefristen er ute** og ein eventuell klage er ferdig handsama.

Dette løyvet er **gyldig i 5 år** frå den dato brevet er datert. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan fristen, og det ikkje ligg føre søknad om utsett frist, vert løyvet automatisk trekt tilbake.

Klage

De kan klaga på vedtaket innan 3 veker etter du har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova sine reglar. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland. Dersom Fylkesmannen ikkje gjer om eget vedtak, skal klagen handsamast av Miljødirektoratet.

Vedlegg:

- Kartvedlegg 1: Felt med løyve til utsetting av japanlerk på 27/3 (Felt 1, merka som Felt A i kartet)
- Kartvedlegg 2: Felt med avslag på søknad om utsetting av sibirlerk på 24/48 (Felt 2, merka som Felt B i kartet).

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Elisabeth Schmidt
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Elisabeth Schmidt
Saksbehandlar telefon: 51568784
E-post: fmroesc@fylkesmannen.no

Kopi til:

Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM